



Informasjonssaker veke 27 (9. Juli 2021)

Faste kommunemøte er avlyst i sommarperioden, dette skrivet inneheld difor ein del informasjon som vi ønskjer å dele med kommunane.

Innhald

1. Praktisk informasjon.....	1
2. Kommunen si plikt til test for utreise frå landet og/eller koronasertifikat.....	1
3. Smitteutbrot og testing ved symptom.....	2
4. Kompensasjon til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset.....	2
5. Spørsmål om doseintervall når heile befolkninga har fått tilbod om dose 1.....	2
6. Epidemiologisk rapport veke 26:.....	2
7. Tilbod om vaksine til barn-ungdom i alderen 12-15 år med alvorleg grunnsjukdom.....	3

1. Praktisk informasjon

- **Kommunemøte i sommar**

Neste planlagte kommunemøte er torsdag 12. august.

- **Rapportering i sommar**

Dei som skal rapportere i sommar søker om å få tildelt rolle på vegner av kommunen, vi godkjenner fortløpande.

<https://rapportering.fylkesmannen.no/Content/Docs/Brukerveiledning.pdf>

Vi minner om at vi gjerne vil få informasjon dersom det oppstår kritiske utfordringar, og at vi vil kunne kalle inn til kommunemøte på kort varsel ved behov.

- **Informasjon frå Statsforvaltaren i sommar**

E-postadresser til tilsette som ønskjer informasjon frå oss direkte på e-post i sommar (i tillegg til dei mottakarane som får informasjon i dag), kan melde dette til oss via skjema på nettsidene våre. Lenke sendast saman med referatet.

2. Kommunen si plikt til test for utreise frå landet og/eller koronasertifikat

Vi har fått fleire spørsmål om dette, og er kjend med at Helsedirektoratet vil kome med meir og konkret informasjon om dette. Fram til vi får meir informasjon, gjeld som tidlegare:

- All testing til koronasertifikat skal vere gratis, refusjon kan krevjast frå HELFO ved testing til koronasertifikat.
- Kommunen har ikkje plikt til å tilby testing før utlandsreise.



Statsforvaltaren i Vestland

- Det kan krevjast honorar av dei som treng ytterlegare attest på testresultat, dette vert ikkje dekkja av HELFO.

3. Smitteutbrot og testing ved symptom

I samband med smitteutbrot som er avdekka denne veka har det vore tilfelle der ein smitta person har kopla symptom til nyleg vaksinasjon, og difor har levd som normalt fram til smittesporing har avdekka smitten.

Det er framleis viktig å teste seg ved symptom. Vi oppmodar kommunane om å vurdere å minne innbyggjarane på dette i sine informasjonskanalar.

Ved smitteutbrot tilrår vi å ha ein låg terskel for å drøfte lokale tiltak med FHI, og å tidleg opprette dialog med dei. Vi er i ein situasjon der det er ønskjeleg å få rask kontroll på utbrot samstundes som ein opnar samfunnet igjen grunna aukande vaksinasjonsdekning. Lokale målretta tiltak tilpassa den einskilde kommune og det einskilde smitteutbrotet er difor viktig, og her vil FHI kunne vere ein god diskusjonspartner.

I ferieperioden med mykje reiseaktivitet på tvers av kommunar, minner vi òg om at gjensidig utveksling av informasjon mellom kommunane er ekstra viktig.

4. Kompensasjon til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronaviruset

Tilskotsordninga er forlenga ut 2021, sjå utlysingstekst her:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/tilskot/2021/12/kompensasjon-til-naringsdrivande-fastlegar-ved-sjukefravar-knytt-til-koronaviruset/>

5. Spørsmål om doseintervall når heile befolkninga har fått tilbod om dose 1

Spørsmål frå Askøy kommune:

Sommeren er i anmarsj, og vi i kommunen begynner å tenke på høsten. Er det planlagt redusert doseintervall når heile befolkningen har fått tilbod om dose 1, eller må kommunene planlegge for vaksinerings med dose 2 ut i oktober/november slik det ser ut nå?

FHI seier at det per no ikkje er tatt noko avgjerd om redusert doseintervall utover hausten, og at det er 12 veker som gjeld inntil vidare for å sikre alle dose 1 så tidleg som mogleg. Det blir gjort kontinuerlege vurderingar av dette ift. leveransane som blir stadfesta i vekene framover. Det vil kome informasjon så tidleg som mogleg dersom det blir beslutta redusert intervall.

6. Epidemiologisk rapport veke 26:

Epidemiologisk rapport er så langt ikkje publisert av FHI denne veka. Frå FHI sin vekerapport for veke 26 finn ein om Vestland:

Vestland har hatt ein stabil nedadgåande trend i antal nye tilfelle sidan byrjinga av juni og ligg framleis på et stabilt lavt nivå. Denne utviklinga reflekterer i stor grad utviklinga i Bergen kor det har vore ein betydeleg nedgang i antall tilfelle. Vestland har lågast andel positive på 0,3%. Vestland (13 per 100 000) har lågast antall meldte tilfelle i forhold til befolkninga dei siste to vekene. I løpet av veke 26 var antall melde tilfelle stabilt lågt i Vestland.

Tidlegare rapportar kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>



Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>

7. Tilbod om vaksine til barn-ungdom i alderen 12-15 år med alvorleg grunnsjukdom

FHI sendte tysdag denne veka ut eit brev med informasjon om tilbod om vaksine til barn og ungdom i alderen 12 til 15 år med alvorleg grunnsjukdom. Alle kommunar skal ha motteke dette.